

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bremanger.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Dette er eit omkverve som det er svært lite å fortelje om her frå bygdene. her er ikkje fråsegn om store spelemenn, og her er ingen som har drive med å lage noko slag instrument. Skulle dei ha eit lag og hadde bruk for spelemann, fekk dei han helst frå Nordfjord. Dette er delvis slik den dag i dag. Sjølv sagt har her vore ein og annan som har spela på fele (både vanleg fele og haringfele), men som sagt, storspelarar har her ikkje vore.

1). Dei instrument som kan takast med her er: Fele, haringfele, salmodikon og lur.

Til fela høyrde felestokk eller felekasse (nyare) og felebogje.

2) Vedkomande fele og haringfele har eg ikkje kunna finne noko far etter kva veg dei har kome hertil. Salmodikon har eg berre funne eitt. Det var eit som far min bruka på seminaret på Stord i 1870 åra. Det var ikkje laga i Bremanger. Han spela både med boge og med ei finger.

Eg har ikkje fått spurnad på meir enn ein lur. I Leirvik (Leirvikjene) på Nesbø i Gulen budde der ein mann som heitte Børå (Börre). Børå var frå Hundvik i Nordfjord. Han Børå hadde ein lur. Eg har tala med to som såg luren. Isak O. Nesbø 80 år gamal seier luren var laga heilt av never, Henrik R. Nesbø 75 år, er ikkje viss på at han var av never heilt i gjennom, men han var i alle fall kledd med never. Luren var bein, utan munnstykke og utan fingerhol. Dei bruka gjerningsordet å lure-lura(r)-lura-lura. Han Børå kunne sitje og lure på hamrane søndags ettermiddag når kyrkjebåtane kom frå kyrkja. Henrik Nesbø fortel at då han hadde bryllaup, og dei ~~skul~~ skulle reise til kyrkje, kom han Børå ut på hamrane og lura til dei.

Han Børå døydde for ein 40-50 år sidan.

7). Dei nytta tarmstrenger, i nyare tid har dei nytta kvint av stål. Strengene har ikkje vore laga i Bremanger.

13). Dei elste spelemenn som no lever, er Didrik Sande, Svelgen, og Enok Nausdal, Bremanger.

Bukkehorn: Bukkehorn har her vore blæse i. Men i manns minne har dei vore nærast berre som ei leike for born. Då eg var liten, brukte dei på andre garden i Övrebotten i Botnane, bukkehorn til å varsle matmåla i onnene. (40 år sidan). Bukkehorna var laga slik at opninga hövde til leppene utan noko til tonelaging.

Seljefløyte: Seljefløyte har ikkje vore i bruk her, derinot har dei laga fløyte av rogn. Namnet er ei plystre. Eg har ikkje sett plystrer med fingerhol.

Borna har bruka å lage seg plystrer av dei innhole stilkane av kvanjol. Dei skjer dei skrått av i den opne enden, og så får dei til å blåse i dei. Kort stilk gjev fin lyd og lang stilk grov tone.

#### Bolk B.

Trekkspill kom i bruk for ein 40-50 år sidan. Det var bygdegutar som fekk tak i enkle, billege instrument og lærde seg sjölv. Noko brigde i musikken førde det ikkje til. Det vart om lag dei same slåttane.

Guitar og mandolin har vore litt nytta dei siste 30 åra. Dei er komne til bygda gjennom rekigiöse forkynnarar, og har vore nytta til oppbyggjing på møte og i heimane. Men heller ikkje her har det vore muskarar som har sett noko merke etter seg.

Desse instrumenta har nok gjort sitt til å brigde songtonane. Dei gamle tonane gjekk ut, og nye tonar vart lærde av emisærane.

#### Bolk C.

Det einaste som her kan nemnast er å blåse i strå, eller helst eit langt smalt grasblad. Det vart halde mellom tommefingrane.

Det fylgjer den overtrua med dette at det skal verte regn, når dei bles i strå. Dei kallar det å blåse regn.